

Før vulkanutbrotet

Live Maria Roggen treng ikkje å operera med ni års intervall mellom platene sine.

JAZZ

LIVE MARIE ROGGEN:

Apokaluptein

LIVE MARIA ROGGEN, VOKAL,
EIVIND LØNNING, TROMPET,
HILMAR JENSSON, GITAR, LENE
GRENAGER, CELLO, SONDRÉ MEIS-
FJORD, BASS OG VOKAL OG AUDUN
KLEIVE, TROMMER. KIRKELIG
KULTURVERKSTED FXCD 423



Dette er den andre plata i eige namn ni år etter at Roggen gav ut den kriti-

karroste og makelause *Circuit Songs*. *Apokaluptein* var tingsverket til Vossa Jazz i fjor, og dette prosjektet for-

tener verknemninga, først og fremst fordi tittelen, som tyder 'avdekking', blir projisert, dissekert og endevend i ord og tonar. «Jeg går med en følelse av ubehag, av at noe skurrer, men at alle bare unnlater å snakke om det», seier Roggen, og ho tek bladet frå munnen.

Prosjektet til Roggen har ikkje noko med musikalsk innpakka politisk forkynning å gjera. Ho er meir oppteken av å kjenna på og tolka ubehaget og uroa som avdekkinga skaper, og det er med fryktlaus ærlegdom ho skrivar til verket. Roggen & co. ser Ragnarok i kvitauga.

Tekstane er det tematisk samlande. Dei musikalske innfallsvinklane er mange og vari-

erte, men den eksistensielle uroa er heile tida der i musikken. Dette blir på effektivt vis eksemplifisert gjennom Jenssons og Lønnings skakke og sære gitar-/trompetsamrøre på den slentrandende og groovy «Moonfish Dance». Grenager tilfører tilsvarande på «The Flesh». Meisfjord og Kleive har varierte roller, men på «The Old Country» er ein ikkje i tvil om kven som trakterer trommene.

Roggen gjev ikkje ved dørene. Det er ikkje berre behageleg å vera lyttar, men eg er overtydd om at det gjer godt!

LARS MOSSEFINN

Lars Mossefinn er frilans kulturarbeidar og fast jazzmeldar i Dag og Tid.